



Magne Heggøy med nytt og fint skilt

Rabben Feriesenter har ein svært god sesong. Sidan 17. mai har det vore fullt hus og slik held det fram, melder han som no er dagleg drivar, Magne Heggøy frå Stord og svigerson av Rabben-veteran Steinar Myklebust. Ikkje minst store arrangement gjev godt belegg.

Han og familien har gjennomført ein omfattande opprusting av den tradisjonsrike turistverksemda og ser no resultat. - Alle er positive når dei omtalar oss, seier Magne bak ein ny resepsjonsdisk.



Det er eit allsidig kiosktilbod

Resepsjon og kiosk i hovudhuset er rusta kraftig opp og har vorte verkeleg innbydande. Bak disken har det vorte ein skikkeleg kontorplass og det er sal av is, brus, sjokolade og kaffe. Her har også uskedalingane no eit tilbod som dei ellers har mista i helgane. Men det stoppar ikkje med det. Tove Myklebust Heggøy - kona til Magne - er flink med hendene og har strikka barneklede, vottar og sjal, for å nemna noko. Ho har og dreve med porselensmåling og sel døme på det.

Magne har no renovert 3 av 6 gamle hytter og kapasiteten på Rabben er dermed auka til 47 sengeplassar. Det som vidare skal skje er skifting av taket på toalettbygget og hovudhuset skal få nye veggjar og vindauger.

Ein lenge planlagt utbyggjing av toalettbygget med to høgder er lagt på is, begrunna med store kostnader. Heggøy peikar som eit døme på at den hytta som Haugesund-mannen Torleif Lie har reist på grunnen til Rabben kostar ein million åleine.

Sjølv om trafikken har vore og er stor denne sesongen har han så langt svikta på eit område: Det er langt færre bular enn venta utan at Magne kjenner grunnen. Men han reknar med at også denne trafikken tek seg opp no under fellesferien.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.



3 av 6 slike hytter er no renovert